

**Fra:** Tord Kristian Karlsen (Tord.Karlsen@museumvest.no)

**Sendt:** 22.10.2019 15:24:30

**Til:** Ambjørørg Reinsnos

**Kopi:**

**Emne:** Vedr. Oversender for fråsegn - Offentleg ettersyn - arealdel av kommuneplanen i Sund kommune. Ref. 2019/14671-18. Forholdet til marine kulturminne.

**Vedlegg:**

**Vedr. Oversender for fråsegn - Offentleg ettersyn - arealdel av kommuneplanen i Sund kommune. Ref. 2019/14671-18. Forholdet til marine kulturminne.**

Vi viser til e-post frå Hordaland fylkeskommune, motteke 04.10.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rår sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Det er fleire kjende marine kulturminne- og kulturminnelokalitetar i Sund kommune. Døme på desse er handels- og gjestgjevarstadane Glesvær, Hummelsund og Håkonssund. I Håkonssund er det ein hummerpark som vurderas å vere frå Hollendertiden på 1600-1700-talet (Askeladden ID: 112835-1). Det er også fleire registrerte skipsvrak, eit vrak av eit tomasters seilskip med skrog av edeltre som er kobberslått er eit døme (Askeladden ID: 124211-1).

Med venleg helsing,

**Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum**

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11

[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)